

Fråsegn/høyringsuttale frå Sogn og Fjordane Høgre til vekstpolitikk for havbruksnæringa.

Sogn og Fjordane Høgre viser til motteke uttale frå Salmon Group, ei sterkt representativt gruppe av aktørar innan havbruksaktørar, lokalisert langs store deler av Norskekysten frå Nord Norge til Rogaland. Dette er svært viktige aktørar for og i alle dei kommunar som har lagt vekt på og lagt til rette for havbruk i sin kystsonoplanar.

Som Nærings- og fiskeridepartementet sjølv held fram, er havbruksnæringa ei svært viktig næring i mange kystkommunar og Sogn og Fjordane Høgre er oppteken av næringa får gode vilkår også i framtida. Det må difor vere balanse mellom statlege krav til næringa og det som i dag er oppnåeleg teknisk og kostnadmessig i forhold til miljøkrav, noko av dette kan også setjast som framtidige mål. Sogn og Fjordane Høgre ser havbruk som svært viktig og kan ikkje akseptere at statlege krav blir så strenge så fort at all motivasjon forsvinn.

Sitat, «Regjeringa vil løfte konkurransekrafta for næringslivet i fastlands-Noreg slik at det blir skapt fleire trygge arbeidsplassar og at finansieringa av velferdsordningane blir sterkare.»

Å løfte konkurransekraft får ein ikkje gjennom endå meir og relativ sterk statleg detaljstyring over ei viktig næring som gjennom dei siste 25 åra har dokumentert at den har klart seg utmerka godt gjennom innovative haldningar og ein eigarstruktur som så langt har fungert godt. Arbeidsplassar har vakse fram i distrikta, næringa tek solid samfunnsansvar sjølve, slik det skal vere og med naturleg innsikt som insitament som betyr at optimalt rømmingssikre anlegg og miljømessige forhold heng i hop med gode resultat. Det er dette Høgre politisk skal premiere, ikkje gjennom detaljerte driftspålegg, som i seg sjølv kan virke demotiverande. Sogn og Fjordane Høgre meiner at næringa er bevisst på å gjere vekstmiljøet betre og som igjen påverkar økonomien og løfter konkurransekraft og gjev trygge arbeidsplasser.

Rømmingsproblematikk.

Ser av høyringsnotatet at dette blir eit eige fokus på seinare, likevel må det kunne seiast at i andre samanhengar som til dømes tilrettelegging av lokalitetar som har bærekraft til det beste for miljø og verdiskaping, må kommunane prioritere mellom ulike aktørar som fiskeri, havbruk og ofte også reiselivsnæring. Registrerer at elvefiske etter laks er ofte nemnt i samanheng med rømming og blir ofte framstilt som miljø- og faunaforureining av verste slag. Uansett kvar ein lokaliserer havbruk, langt til havs, i lokale fjordsystem og til og med på landanlegg så finnes det risiko. Den andre sida er at næringa løftar inn så store og verdifulle eksportinntekter at kanskje ein må **prioritere** i nokon høve også frå staten? Kan vere at ein må vekte annleis enn vi gjer i dag med eit openbart tyngre verneomsyn til elvefiske og mindre for det viktige havbruksinteressene som skal skaffe oss fleire bein å stå på?

Vederlag.

Det kan synast som at størrelsen på vederlaget ved løyvegeving er unødig høg, i alle fall ved nye løyver. Det er ingen samanheng mellom kostnad og ressursbruk for departementet å behandle søknader. Vederlaga sin størrelse blir difor oppfatta som ein ekstra skatt eller avgift for å få lov å drive eit distriktsretta og viktig næringsliv, veit ikkje noko annan næring som må

betale for å få lov å skape verdiar og arbeidsplassar. Vederlag og størrelse på vederlag bør være ei kommunal sak med opning i lovverket for å **kunne** ta inn vederlag inntil ein viss størrelse. Sogn og Fjordane Høgre ser det uheldige med store tunge vederlag og at lokaldemokratiet er/blir tilsidesett.

Sogn og Fjordane Høgre står i stor grad konklusjon inklusiv grunngevingar framsett frå Salmon Group. Det er viktig at næringa får anledning til å skaffe seg den kunnskap og teknologi som skal til for å oppnå ønska resultat i «lusekrigen» før nye krav blir verifiserte og betinga til produksjonsauke og vekst i eksisterande produksjonsanlegg. I følge næringa sjølv er det pr i dag ikkje løyst problem/oppgåve nr. 1 med å oppnå dagens krav med gjennomsnitt antal lus pr. fisk på 0.5, det er difor ikkje rimeleg å skru ytterlegare til med 5 dobling av krav til antal lus pr. fisk heilt ned til 0.1 før ein har klart å sikre løysing på første trinn. Kva næring elles har fått nye og 5 dobla krav på toppen av frå før strenge restriksjonar?

Sogn og Fjordane Høgre meiner det skal være høg standard og høge ambisjonar til god vekst og godt miljø innan havbruk og fiskeri men krava må ikkje bli framsett slik at all motivasjon forsvinn frå viktige næringsaktørar i kystkommunane i landet vårt. Høgre må vere eit næringslivsparti som har tankane på korleis næringslivet skal få dei beste rammebetingelsar. Dette må vi få til gjennom betydeleg høgare vektning av arbeidsinnsats, aktørane si eiga sjølvbevisstheit på lønnsemd i forbindelse med lus og rømming, og tillit til at næringa sjølv ser at sterk luseplage og risiko for rømming er negativ for økonomien. Det betyr at vi gjennom tillitspolitikk til næringsaktørane våre skaper den nødvendige motivasjon til forskning og utvikling. Svært mange, om ikkje alle aktørar innan havbruk og gjerne fiskeri, er ein viktig bærebjelke for store deler av norsk økonomi, no og langt inn i framtida. Sogn og Fjordane Høgre er overbevist om at næringa sjølv er bevisst på og ser seg minst tent med dårlege lokalitetsmiljø og utviklar seg deretter. Det er svært uheldig å framsetje nye krav og restriksjonar før allereie gjeldande forskrifter, sjølv med sterk innsats, er teknisk umogleg å oppnå. Motivasjonen ligg faktisk i: mindre lus og rømming gjev også betre lønnsemd.

Sogn og Fjordane Høgre peikar på dei viktige moment som ligg i oppsummeringa frå Salmon Group og ber om at Høgre og Fiskeridepartementet lyttar til desse.

Sogn og Fjordane Høgre føreset at eksisterande og nye konsesjonsvilkår og driftsreguleringar er nøytrale for oppdrettsnæringa med omsyn til storleiken på eigarskapen i næringa.

Sogn og Fjordane Høgre

Arve Mjømen Leiar Sjf.Høgre